



Aud Sørheim Myklebust (84 år) syner fram nokre av bileta med motiv frå Ulvanoso i Uskedalen.

Sist laurdag opna Aud Sørheim Myklebust (f. 1935) utstilling på Lagunen Storsenter i Bergen. Det er ein rein salsutstilling med over 100 kunstverk av ulike slag, alt frå bilettev via trykk til måleri. Barnebarna hennar, Ingvild Reistad Myklebust og Annveig Myklebust Fjelstad, var med på opninga med song og musikalske innslag. Kunstnaren sjølv las eigne dikt og sa fram takk til alle som hadde hjulpet henne med å få dette til.

Aud og mannen hennar, Arne Myklebust, har feriert i Uskedalen i alle år, i huset i Myro der onkel og tanta hans, Kristian og Sella Myklebust, budde. Aud har eige atelier i Uskedalen, ei lita hytte i bakkane ovom huset. Her har ho laga mange kunstverk, også av dei som i dag er kjøpt inn for utsmykking i kyrkjer, bårhus, bedehus og andre offentlege bygg.



Mykje folk var samla på utstillingsopninga på Laguenen Storsenter sist laurdag. Arne Myklebust midt i bilete.

Mange av bileta på utstillingen på Laguenen har motiv frå Uskedalen. Dette gjeld særleg fjellmotivet Ulvanoso. Det som er imponerende med denne utstillingen, er at ikkje noko er lånt eller henta inn frå private eigarar. Alt er produsert i nyare tid eller henta frå hennar eiga samling. Prisen er frå kr. 1.500,- og oppover.

Aud Sørheim Myklebust sin utstilling er open på Laguenen (2 etj.) fram til laurdag 23. februar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Torild Myklebust Lie